



Kjartan Bauge kan sei seg godt nøgd med bronsemedalje.

17 år gamle Kjartan Bauge frå Uskedalen, var i helga med på NM for Judo, i Sandnes. Han kom heim med ein delt tredje plass i si gruppe, U 20- 90 kg, og ein velfortent bronsemedalje!

På fredag kjørte han og Elisabeth Jørgensen ned for å delta på innveging dagen før sjølve konkurransedagen. I grunnen skulle begge delta i konkurransen, men Elisabeth måtte stå over grunna brist i eit ribbebein; ein skade ho fekk under ei heller tøff trening i forkant av NM. Kven skulle med det tru at Judo er den fullkontakt sporten med minst skade? For det kan Kjartan bekrefte.

Bronsemedaljen vart avgjort etter to kampar. Alt i alt var det seks stykk i hans gruppe, der to av dei er med på landslaget. Den fyrste kampen han hadde, møtte han nettopp ein frå landslaget. Det endte med tap. Neste kamp vant han, med eit 'ippon'. Det betyr at han klarde å halde motstandaren i ro med eit jerngreop i over 20 sekunder. etter denne kampen vart det avgjort at han fekk delt bronse, og etter nok eit tap, vart dette det endelege resultatet. Men det skal seiast at i finalen var begge deltakarane med på landslaget. Ingenting å sei på prestasjonen med andre ord.

Kjartan er ein aktiv gut som no går på teknisk allmenn. Han kjem heim til kvar onsdag for å trene på Seimsfoss med laget som Trygve Torjusen er lagleiar for. På onsdagen får han trent mykje teknikk, men utanom trenar han også styrke og kondisjon. Judo byrja han med i 2003, etter å ha bestemt seg for å leggja opp fotball, for å kunne satse betre på kampsporten.

Judo er ein sport som i hovudsak stammar frå jiu-jitsu, som igjen meist sannsynleg er ein sport som vart introdusert i Japan av kinesarar. For å få eit begrep og perspektiv om kor stor denne sporten er, kan ein lese at Judo er verdas 8. største ol-grein. I Kvinnherad er det eit lite, men aktivt miljø, som vert meir og meir populært etterkvart som ein vert kjend med innhaldet av denne sporten. Og det er ikkje berre aktiviteten som vert vektlagd. Ein skal også ha respekt for både motstandar, dommar, trenar og matta der kampen skal foregå. Det kan ikkje alltid vera enkelt å måtte bukke respektivt til sin motstandar etter ein kamp som endte med tap. Men sjølv om ein kunne ynskje han dit peppern gror, så skal ein bukke som takk for kampen.

Lykke til vidare, Kjartan!

Kampreferat frå leiar av judogruppa til Rosendal Turnlag, Trygve Torjusen:

Kjartan er ein lettvektar i denne klassen, men gjekk laus på oppgåva med friskt mot. Første kampen ble det tap mot Geirmund Glendrange fra Elverum. Glendrange vann heile klassen til slutt.

Andre kampen mot Ørjan Larsen fra Levanger vart ein spanande kamp hvor Kjartan tidlig tok leiinga med eit kast som gav Wazari (7 poeng). Etter dette kom Larsen tilbake og skora både Wazaari og Yuko (5 poeng) og var

dermed i føringa. Kjartan henta fram dei siste kreftane og fekk motstandaren i holdetak og hald kontrollen lenge nok til å få ein lppon som gjev siger. Det stod da 1 sekund igjen på kampklokka og Kjartan kunne førebu seg til ein tøff semifinale. Denne tapte han dessverre for ein av dei mest erfarne landslagsutøvarane våre Karl Andre Reichelt og Kjartan enda dermed på tredje plass.

-Magnhild Haugland



Frå premieutdelinga